

Kontorsjefen i Osterøy.

Vedlegg 40/68.

A. 561.1.

Til Osterøy formannskap.

Grunnavståing vedk. ferjekai og haldeplass på Tysse,
oppattbygging av naust.

I samband med grunnavståing til ferjekai og haldeplass på Tysse har det vore inngått avtale mellom Hosanger kommune og grunneigarane det gjeld om oppføring av eit fellesnaust i staden for dei gamle naust som må vika for den planlagde haldeplassen. Avtalen med dei 3 grunneigarane Gunnar M. Tysse, Olav Fossdal og Johanna Tysse av 10/4-1962 lyder slik:

"Underskrivne eigarar av gnr. 37, bnr. 1, 4 og 7 gjev med dette grunn til haldeplass med ferjeleie på Tysse, slik dette er planlagt av Hordaland vegkontor, jfr. kartskisse av 20/2-62. Me set desse vilkår for grunnavståinga:

1. I staden for våre noverande naust, skal det utan kostnad for oss byggjast nye naust på nordvestre hyrna av den planlagde haldeplassen. Me godtek at dette vert ordna ved å setja opp fellesnaust - bygt av blokkstein - med skiljevegger, og så stort at me får same golvflate til disposisjon som me no har. Fellesnaustet må trekkjast så langt attende at det vert 1 m gangveg på framsida mot sjøen.

For alltid å sikra oss uhindra tilkomst til dei nye nausta skal eit areal på 4 m.X naustbreidda av haldeplassen på øvre sida av nausta høyra til desse, slik at kvar eigar har disposisjonsretten til den luten som grensar opp til hans del av fellesnaustet.

Ved naustgavlen ut mot sjøen skal det murast opp frå 1 m. under lågvatn slik at det alltid vil verta tilflot for småbåtar.

2. Etter at dei noverande nausta vert flytte må det ikkje gå lenger tid enn 2 år før dei nye nausta er oppbygde.
3. Frå nordre hyrna av gangvegen på sjøsida av fellesnaustet og mot ferjeleiet må murast eller støypast kai med troppa.
4. Strandrett utanfor fellesnaustet skal framleis vera grunn-eigarane sin eigedom.
5. Grunneigarane har ikkje noko mot at naustet til Tøsse Mølle vert med i det prosjekterte fellesnaust."

A/S Bjørn, Tøsse Mølle har i brev av 1/3-62 sagt seg viljug å overdra grunn på desse vilkår:

- "1. Rett til kai med den samme breidde som den nuværende med trappe og rett til utlegging av bøye.
2. Oppbygging av tilsvarende nøst som vi no disponerer på grunnen med arrangement for lett transport av motorbåt ut - og inn av nøstet.

Dersom det nuværende nøst rives no må der skaffes hus til båten senest høsten 1962."

Hordaland Vegkontor har teke på seg arbeidet med grunnplan for naustet. Dette arbeidet er i gang. Etter di naustet no vert ståande på peilar og ikkje på fylling som tidlegare føresett, har ein prøvt å få grunneigarane sitt samtykkje til å føra naustet opp i tre og ikkje i blokkstein som føresett i avtalen. Ein reknar med at grunneigarane samtykkjer i dette under føresetnad av at vegkontoret ordnar ymse ting etter nærare avtale.

Kommunen må no arbeida ut planar for fellesnaustet som ein då må rekna med vert oppført i tre. I denne samanheng har det vore peika på at kommunen bør nytta høvet og installera nokre toalettrom i eit ledig hyrna av naustet. Den ledige plassen kjem fram på grunn av at Tøsse Mølle sitt naust etter avtalen ikkje tek opp same lengd som dei andre nausta. Kommunen har i mellomtida fått kopi av Tøsse Kraftverk sitt brev til kommuneingeniøren om saka dagsett 4. d.m. der det heiter:

"I brev av 1. mars 1962 til Hosanger kommune forbeholdt vi oss div. rettigheter vedr. grunnavståelsen til ferjekaien på Tysse.

Blant annet gjenreising av båtnøst, og arrangemang for lett transport av motorbåt inn og ut av nøstet.

Som arrangemang for transport av motorbåt vil vi foreslå en I P E bjelke montert midt under taket i nøstet og ca. 2 m. ut fra nøstdøren mot sjøen, samt en talje som vandrer på bjelken.

Ang. plasering av toalettrom i nøstet.

Dette vil være svært uheldig da det slik de var foreslått plasert vil stenge passasje til nøstet fra vegen. Vi ønsker ikke toalettrommene plasert i vårt nøst."

Før kommuneingeniøren kan arbeida ut planar og tilbodsdokument, må kommunen ta stode til planløyisinga for fellesnaustet, evt. med toalettanlegg. Ei plassering som nemnd vil truleg vera den rimelegaste måten å få bygt toalettanlegget, som er heilt turvande i samband med ferdsla over denne ferjekaien. Vassleidning ligg nokså nær og kloakken skulle ikkje representera nokon vanske økonomisk eller teknisk.

Når det gjeld finansieringa, reknar ein med at avsette midlar frå tidlegare Hosanger kommune, ca. kr. 60.000,-, skal dekkja kostnaden med fellesnaustet.

Saka vert med dette lagd fram for formannskapet med oppmoding om å gje kommuneingeniøren turvande oppdrag for planløyisinga for fellesnaustet.

Kontorsjefen i Osterøy, den 22. mars 1968.

Eivind Karl Rundhovde